



Statens vegvesen

SUNNFJORD KOMMUNE

Postboks 338

6802 FØRDE

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Kristin Hagen Hæreid /
90296116

Vår referanse:
21/203226-2

Dykkar referanse:
20/2941-10

Vår dato:
12.10.2021

Avslag søknad om geografisk vegvisning – stadnamnskilt – Jølster landskapsområde – Sunnfjord kommune

Vi viser til søknad om skilting til dei geografiske landskapsområda Jølster og Gaular, datert 24.09.21.

Bakgrunn

Sunnfjord kommune har sendt inn søknad om å få sette opp stadnamnskilt ved grensene til landskapsområda Gaular og Jølster. Jølster og Gaular var tidlegare sjølvstendige kommunar, men vart del av Sunnfjord kommune 01.01.20.

Då skiltinga til landskapsområdet Gaular og omfattar fylkesvegar, vil vi vente med endeleg svar på denne delen av søknaden til vi får innhenta uttale frå Vestland fylkeskommune.

Vurdering og avgjerd

Statens vegvesen har vurdert søknaden med heimel i forskrift om offentlige trafikkskilt, vegoppmerking, trafikkløysignaler og anvisninger (skiltforskrifta), av 7.oktober 2005, § 29 og ut frå gjeldande regelverk i Handbok N300.

Etter ei fagleg vurdering, har vi ikkje funne grunnlag for å setje opp skilt for Jølster landskapsområde som ønskt.

Det er søkt om å setje opp «Vanleg stadnamnskilt», skiltnr. 727.1, for Jølster landskapsområde langs E39 og rv. 5 i Sunnfjord kommune. Skiltet nyttast som vegvisning for vegfarande, for å vise at dei nærmar seg busetnad med klar avgrensing.

Vi finn ikkje at Jølster som landskapsområde viser til klart eit klart avgrensa område med busetnad, som kan nyttast av framande til å orientere seg langs vegnettet. Dei kartfesta

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

punkta kommunen viser til, har tilnærma lik avgrensing som den tidlegare kommunen Jølster.

Dette vil ikkje vere til hjelp for ukjende vegfarande til orientering langs vegnettet. Tilsvarande at vi ikkje kjem til å skilte med 727.1 «Vanleg stadnamnskilt» til landskapsområdet Jølster, vert det til dømes ikkje skilta til større geografiske områder som Sogn, Nordfjord eller Sunnmøre.

Ein skiltar heller ikkje med stadnamnskilt 727.1 ved inngang til bysentrum i større byar, der sjølve byen er så stor at sentrumsområda er delt. Då vert det skilta med 727.1 i utkanten av bydelane. Dette er til hjelp for dei vegfarande slik at dei kan orientere seg til sitt reisemål.

Vi minner om at det ikkje er høve til å setje opp offentlege trafikkskilt langs- riks og fylkesveg utan løyve frå skiltmyndigheita. I dei tilfella der kommunen sjølv er skiltmynde langs kommunalveg, pliktar kommunen som skiltmynde å følge retningslinjene gitt av skiltnormalane med heimel i skiltforskrifta § 35.

Skiltvedtak er ei lokal forskrift og utløyser ikkje klagerett etter § 28 i forvaltningslova. Det er heller ikkje høve til å be om overprøving etter § 31 i skiltforskrifta.

Transportforvaltning vest 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Kristin Hagen Hæreid
Avdelingsingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.